



Det er denne flytebyggja som skal forlengast på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kystverket har gjeve Rabben Feriesenter løyve til å forlenga ei flytebyggje med 10 meter.

Tiltaket ligg i eit område med fleire liknande tiltak og Kystverket har difor ikkje funne det naudsynt å leggja søknaden fram for fiskeristyresmaktene. Kystverket si handsaming skal ivareta sikker og effektiv sjøtransport og dei kan ikkje utifrå søknad og skisse/foto sjå at tiltaket er til hinder for ålmenn sjøverts ferdsel.

Den noverande flytebyggja er 14 meter lang og har ein landgang slik at den totale lengda er 21 meter.